



## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

### Hovudutval for lokal utvikling

Sak nr 100/09

Saksbehandler: Ulf Ludvigsen  
Arkivsak: 08/707-9

Arkiv: C01  
Møtedato: 18.08.2009

## UNGDOM - FRITIDSMILJØ, DEMOKRATISK DELTAKING OG PÅVERKNAD

Barne- og likestillingsdepartementet har sendt utgreiinga "*Ungdoms fritidsmiljø. Ungdom, demokratisk deltakelse og innflytelse*" på høyring. Høyringsfristen er sett til 20. september. Rapporten er utarbeidd av ei ekspertgruppe nedsett av barne- og likestillingsministeren.

### Ekspertgruppa har hatt eit todelt mandat:

1. Å setja eit grundig søkelys på fritidsmiljøet for ungdom lokalt og korleis kommunane kan tilretteleggja for positive fritidstilbod for ungdom.
2. Vurdera korleis spørsmål knytt til ungdom sine moglegheiter for påverknad og deltaking i demokratiske prosessar er til stades og kan utviklast.

Vidare har ekspertgruppa si oppgåve vore å vurdera korleis det betre kan tilretteleggjast for å imøtekoma behov frå ulike ungdomsgrupper: grupper med innvandrarbakgrunn, med funksjonsnedsettingar og risikoutsett ungdom. Gruppa har særleg hatt fokus på kommunale fritidstilbod overfor aldersgruppa 13-19 år.

Rapporten inneheld ei brei gjennomgang av fritidsfeltet og problemstillingar knytt til deltaking og medverknad frå ungdom lokalt. Vidare blir det presentert ei rekkje framlegg knytt til dei to områda.

### **Fritidsfeltet**

Ekspertgruppa har særleg vurdert behovet for lovgivning på fritidsfeltet. Bakgrunnen er at det er store lokale forskjellar i tilboda for ungdom, også kvalitative. Som kjent finnst det alt lovgivning knytt til kommunalt kulturarbeid, kulturskule, bibliotek, samt oppvekstmiljø for barn og unge. Ekspertgruppa konkluderer med at det ikkje er særleg behov for ytterlegare lovstyring av kommunal fritidspolitikk. Ekspertgruppa beskriver likevel store lokale forskjellar i tilboda til ungdom og konkluderer med at dette er eit felt med store behov for utvikling.

I 8 hovudpunkt (med ei rekkje konkrete underpunkt) gjer ekspertgruppa framlegg for å styrka fritidsmiljøa lokalt:

1. Ei grundig forskningsbasert kartlegging av lokale kulturaktivitetar og kommunale kulturskular frå eit representativt utval norske kommunar.
2. Ei grundig forskningsbasert kartlegging av fritidsklubbar og ungdomshus frå eit representativt utval norske kommunar.

3. Ei betydeleg kompetanseløft for dei som arbeider med ungdom i fritidssektoren.
4. Etablering av nasjonalt kompetansesenter for ungdomsarbeid og fritidspedagogikk.
5. Etablering av ordning med "demonstrasjonsklubbar og demonstrasjonungdomshus". (tilsvarande dei ordningane ein har for skular og kulturskular.)
6. Ei rekkje kommunale tiltak for å inkludera unge frå låginntektsfamiliar i fritidsaktivitetar.
7. Ei rekkje kommunale tiltak for å inkludera unge med innvandrarbakgrunn i fritidsaktivitetar.
8. Ei rekkje kommunale tiltak for å inkludera barn og unge med funksjonsnedsettingar i fritidsaktivitetar.

### **Demokrati og deltaking**

I dag eksisterer det deltakings- og påverknadsordningarordningar for unge i norske kommunar som for ein generasjon sidan ikkje fantest. Døme på dette er m.a. ungdomsråd, demokratifora, ungdomsparlament, barn og unges kommunestyre, ungdomsting m.m. Omkring 3/4 av norske kommunar har t.d. ungdomsråd. I tillegg kjem ei rekkje former for uformell medverknad. I og med at dette er frivillige ordningar for kommunane er det og på dette feltet store lokale forskjellar. Ungdom sine moglegheiter for demokratisk deltaking og påverknad er ikkje like alle stader i landet. Utgreiinga peiker på ei rekke grunner for å sikra ungdom demokratisk påverknad; Å sikra at ungdom blir høyrtd, sikra betre lokalt beslutningsgrunnlag, auka interesse for politikk og lokalsamfunnsarbeid, samt kultur- og sosialpolitiske grunngevingar.

Barn og unge sin rett til å uttala seg i saker som gjeld dei er mellom anna hjemla i FN sin barnekonvensjon. Kommuneloven opner for visse yrings- og deltakingsformer for ungdom under 18 år, blant anna at dei kan gjevast møte- og uttalerett i kommunestyre og fylkesting. Medverknad frå barn og unge har og fått plass i ny plan- og bygningslov; Kommunane må organisera planprosessar på ein måte som gjer barn og unge høve til å delta.

Ekspertgruppa peiker på at lokale ordningar og erfaringar i liten grad er kartlagt og at det er store forskjellar, noko som speglar mangfald og variasjonar mellom kommunane. Gruppa peiker mellom anna på at ordninga med ungdomsråd er svært ulik når det gjeld samansetning, valpraksis og representativitet. Gruppa meiner at det må vera valfritt om kommunane vil ha ungdomsråd, men gjer framlegg om at det blir utvikla nasjonale retningslinjer som sikrer ein viss likskap og meir demokratiske representasjons- og valordningar hjå kommunar som vel å etablere ungdomsråd. Eit eins system for val og representasjon kan gje ungdomsråda større legitimitet, meiner ekspertgruppa, som ikkje tar stilling til spørsmålet om stemmerett for 16-åringar.

I 8 hovudpunkt (med ei rekkje konkrete underpunkt) gjer ekspertgruppa framlegg for å styrka ungdom sine moglegheiter for demokratisk deltaking og påverknad lokalt:

1. Lovfesting av kommunane sin plikt til å utarbeida eit demokratiprogram for ungdom. (Stikkord: Tverrsektorielt, skissering av former for deltaking, sikring av mangfold av ungdom som deltar, ansvarsplassering i sentral administrativ leiing)
2. Kommunane bør etablere både representative og deltakardemokratiske medverknadsmoglegheiter for å sikra at ulike ungdom blir høyrtd. (Stikkord: formalisering av ungdomsråd, uformelle påverknadsfora m.m.)
3. Utarbeiding av nasjonale retningslinjer for lokale ungdomsråd

4. Kommunane bør ha lokale ungdomsplanar (der handlingsdelen av planen blir integrert i kommuneplanen m.m.)
5. Systematiske forsøk med ulike modellar for deltaking frå ungdom
6. Statleg tilskotsordning som stimulerer til ungdomsdemokratiske utprøvingstiltak og til ungdomsinitiativ i forhold til deltaking (t.d. utviding av Frifond)
7. Kompetansebyggjande tiltak for ungdom si deltaking (alla KS sitt folkevald-program)
8. Ungdomsfolkeavstemming om stemmerett for 16-åringar ved lokalval.

### **Vurdering:**

Rapporten har ei svært brei, grundig og oppdatert skildring av situasjonen på dei aktuelle områda og er eit godt grunnlag for vidare satsing. Ungdoms-fritidsfeltet blir mange stader ein salderingspost i tronge tider, fordi det ikkje er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Det finst få eller ingen statlege tilskotsordningar for andre enn storbyane. I motsetning til andre felt er det inga spesifikk utdanning for tilsette i ungdoms-fritidssektoren, noko som gir låg status, ofte dårleg rekruttering av personell og med det; generelt låg kompetanse og varierende kvalitet og resultat av arbeidet. Ungdomsfeltet er og eit lite fagområde og det er vanskeleg å bygga opp fagmiljø lokalt. Ein har mykje gjennomtrekk av tilsette, stor grad av deltidstilsette og mange stader få stillingar. Det manglar og praksisnær forskning på feltet og få standarder og gode døme på vellukka tiltak.

Det finst i dag inga spesifikk høgare ungdomsarbeider/ungdomsleiarutdanning innen kultur- og fritidsområdet, slik ein har i Danmark og Sverige. Utvikling av kompetanse er derfor naudsynt. Ei nasjonal satsning på høgskuletilbud for ungdomsarbeidere innen kultur – og fritidsfeltet vil gi auka status for feltet. Slik status vil stimulera rekruttering av kvalifiserte tilsette og heva kvaliteten på feltet.

Kommunalsjefen vil ikkje ta stilling til alle konkrete framlegga og problemstillingar i rapporten, men denne inneheld mange interessante og verdifulle framlegg til tiltak, som samla sett kan vera med å styrkja fritidsmiljø og deltaking i demokratiske prosessar for ungdom.

Dette er viktige føremål for å kvalifisera ungdom til å utvikla seg positivt i eit stadig meir komplekst samfunn. Gode fritidsmiljø og møtestader for ungdom kan vera gode arenaer for kvalifisering og førebyggjing.

Kommunalsjefen meiner det er viktig å auka kultur – og fritidssektoren si samfunnsmessige status og viktig at ein aksepterer og aktar sektoren sin verdi for kvalifisering av ungdom utanfor formelle læringsarenaer. Det er viktig at ungdoms- og fritidssektoren si rolle som bruyggjar mellom kommunalt og frivillig ungdomsarbeid blir styrkja og at tilsvarande skjer på det tverrfaglege/ tverrsektorielle området. Vidare er det viktig at kultur – og fritidsarbeid for og med ungdom blir definert utfrå sin eigenverdi og at ungdomsarbeidet ikkje alltid skal legitimerast utfrå førebyggjingsomsyn.

Arbeidet på fritidsfeltet for ungdom er krevjande og kommunalsjefen ser derfor positivt på at det blir gjort framlegg om kompetanseløft og nærare forskning og utviklingsarbeid på fritidsfeltet.

Tilfeldige variasjoner er det og når det gjeld demokratisk deltaking og påverknad frå ungdom. Det finst i liten grad standardar for kva fritidsmiljø for ungdom bør innehalde lokalt noko som

medfører store variasjonar i kvalitet. Innsats på kultur- og fritidsområdet er noko kommunar kan velje å prioritera bort til fordel for lovpålagte oppgaver. Det blir og gjort mange stader. Det blir dermed vilkårleg om ein lokalt greier å utvikla fritids- og oppvekstmiljø for ungdom som verkar både kvalifiserande og førebyggjande.

Dei store variasjonane i kommunale ordningar når det gjeld demokratisk deltaking frå ungdom viser og at det er naudsynt med eit kvalitetsløft som skissert i rapporten. Men dette reiser og spørsmål ved lokal sjølvråderett.

Kommunalsjefen meiner det er viktig at kommunane får utforma ordningar som passer til lokale forhold. Kommunalsjefen støtter derfor ekspertgruppa i synet på at det ikkje trengst ytterlegare lovstyring knytt til fritidsmiljøet for ungdom. Eit løft på områda fritidsmiljø og demokratisk deltaking for ungdom må i hovudsak baserast på andre verkemiddel og vera basert på mangfaldet av lokale føresetnader og tilpasningar.

Nettopp i forhold til spørsmål om å auka demokratisk deltaking frå ungdom, er det viktig at slikt utviklingsarbeid ikkje går på bekostning av lokaldemokratiet, men i staden representerer ei vidareføring og ei styrking av dette. Lokaldemokratisk handlingsrom er ein føresetnad for at vaksne skal engasjera seg i lokalpolitikken, men minst like viktig for at ungdom skal ønskje å delta i demokratiske prosessar.

Kommunalsjefen ser derfor positivt på at det blir gjort framlegg om eit breitt og omfattande utviklingsarbeid når det gjeld ungdom og demokrati, men vil understreka det som og blir peika på i rapporten: Det er stor variasjon i norske kommunar og det er viktig å finna ei god balanse mellom ønsket om like moglegheiter for demokratisk deltaking på eine sida og lokale ønskjer og variasjonar på andre sida. I hovudsak meiner kommunalsjefen at denne balansen er godt ivareteken i framlegget frå ekspertgruppa.

Dersom ein skal få til eit nasjonalt løft på dei nemnte områda, er det naudsynt med tilføring av ressursar til kommunane. Generelt kan det stillast spørsmål ved graden av øymerking av statlege tilskot. Samtidig er det vanskeleg å finna føremålstenlege alternativ til dette. På områder som dette, som ikkje er lovpålagt er øymerking og prosjekttilskotsordningar føremålstenlege, iallefall for ein perioden. Dette er og eit område med store behov for styrking og utvikling. Det er likevel grunn til å peike på at kommunane ofte erfarer at staten underfinansierer utviklingsarbeid. Skal innsatsen på ungdomsområdet ha varig effekt, er det nettopp på grunn av at dette ikkje er lovpålagte oppgaver naudsynt å sikra tilstrekkeleg med ressursar.

Kommunalsjefen ser generelt positivt på framlegga til tiltak i rapporten og meiner at dersom foreslåtte tiltak blir realisert, så bør Klepp kommune og freista å delta i aktuelle delar av dette utviklingsarbeidet.

#### **Vedlegg:**

Link til rapport:

[http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Barn%20og%20Ungdom/Ungdoms\\_fritidsmiljoe.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Barn%20og%20Ungdom/Ungdoms_fritidsmiljoe.pdf)

**Innstilling:**

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

Hovudutval for Lokal utvikling ser positivt på framlegg på rapporten "*Ungdoms fritidsmiljø. Ungdom, demokratisk deltakelse og innflytelse*". Hovudutvalet gir i hovudsak si tilslutning til innhaldet i rapporten og til kommunalsjefen si vurdering av denne.

**Hovudutval for lokal utvikling den 18.08.2009 sak 100/09**

**Samrøystes VEDTAK:**

Tilrådinga vart godkjent.

Klepp kommune, 19.08.2009

Arne Madland

leiar

Wigdís B. Detlie  
Wigdís B. Detlie  
formannskapssekr.

Kopi til:

Det kongelige barne- og likestillingsdepartement, Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo  
Etat for lokal utvikling